



Notat

Dato: 23.10.2015
Arkivsak: 2015/2400-18
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om risiko i vegtunnelar med Hydrogen som energibærer

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 9. september er det teke inn følgjande:

Stein Inge Ryssdal (H) stilte slikt spørsmål:

«Hydrogen tykkjest å bli stadig meir aktuelt som energibærer for elektriske kjøretøy. Hydrogen kan sleppast ut frå kjøretøy ved ulukker, men største mengda vil sjølvsagt kunne komma ved transport av hydrogen til fyllestasjoner. Hydrogen blanda med luft gjev knallgass.

Finnst det vurderinga av korleis hydrogen som energibærer vil påverka risikobildet i vegtunnellar?»

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på spørsmålet.

Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.